

KIVLEMØYANE

Segnet fortel at det var ein gong tre jenter frå Kivledalen som var forlova med kvar sin gut frå Flatbygd. Ein dag då gutane hadde vore hjå kjærastane sine og var på heimveg, gjekk dei over Kivleål. Ål var stor, og det var strid straum. Då den elne var midt utpå, glei han og drog med seg dei andre to så alle tre drukna.

Kivlemøyane sørgde svært over denne ulykka. Ein sundag dei var uppe i Skorvefjell og gjette, tok dei fram lurane sine. Dei la alle sine kjensler i tonane dei bles, og det ljoma over heile Kivledalen.



Det var midt i messetidi dette, og då kyrkjelyden høyrde desse vedunderlege tonane frå fjellet, storma dei ut. Dei gløymde presten, prelka og salmesongen.

Men då blei presten arg! Han gjekk ut på vollen, knytte neven mot Kivlemøyane og mana dei i stein.

Både møyane og den største bukken vart til stein, og i den bratte Skorvellla stend dei den dag i dag.

(Seljord)

Kivlemøyarne.

ia aat *Folkehøgskule*lar O. *Arvesen*, daa han slutta Skulen i
Selljord den 8de April 1879.

Som: O Yngling om du Hjāna har.

Det var eingong i forne Tid
høgt uppi Skorvenut,
tri Møyar trillad yver Lid
for Gjenta og for Gut.

Og Tonen strøymde rein og full,
han lokkad, og han gret,
og Lauvet skalv i Solar-Gull
for Tonarne, som let.

Han Hjarta, Høg og Kjenslur batt
og døyvde Prestens Maal,
og ut or Kyrkja strøymde radt
med Fysnad kvar ei Saal.

Daa lyfte Presten Handi vreid
og Kross for seg han slo,
og for den stygge Klerkeid
dei fast i Berget stod.

Paa Hjartebotnen Tonen klang
i mange Herrens Aar,
med det gjekk Vetter kald og lang,
med det gjekk Haust og Vaar.

Enn ung og gamall stirer dit
og same Flekken finn,
der Folksens Hjarta, Song og Vit
med Møyarne gjekk inn.

Dei kring som skræmde Fuglar sat
for Hauk og Ørn til Spott,
naar dei vild' finna Tonen att
i Kivlemøyann's Slaatt.

Enn kann du dei i Fjellet sjaa
med Trillarhorn og Stav.
Med Folket snart dei fram vil tra
og rista Eiden av.

Guro kjem til Kyrkja.

Som: Naar eg finge den eg vilde.

Det var Guro uppi Dalen,
vandt det var aa sjaa ei slik.
Naar ho sette seg i Sa'len,
daa var ho ei Dronning ik.
Messa inkje Presten sette,
fyrr at Guro komi er.

Trutt so laut han halda dette,
tri Pund Smør fyr det han fær.

Naar ho kom paa Brimsebakken,
so ho ned til Selljord saag.
Ringlebeislet fint paa Blakken
høyrdede der Kyrkja laag.

Daa dei Klokkur tok til svinga,
snart ho var ved Kyrkjeteled,
— Blakken det var Gut til springa —
lett fraa Sadlen sveiv ho ned.

Maler gyfde, Lauv og Sylgiur
hoppad glad' paa unge Brjost.
Haaret gjekk i gule Bylgjur
etter Ryggen langt og ljost.
Friske Rosur spratt paa Kinnnet,
rak som Seljetein ho stod.
Slik ei Møy var rar aa vinne,
alle laut paa henne glo.

Som ei Dronning bar ho Skallen,
der ho gjekk der stod ein Straum.
Seit' ho seg paa Kyrkjepallen,
gav dei snaudt paa Presten Gaum.
Daa det kom til Selljords-Kyrkja
gilde. Gutar langt ifraa,
inkje just fyr Trui styrkja,
det var Guro dei vild' sjaa.

Til Kyrkja no dei steller seg
og minnest gamall Draum.
Snart Folk dei inn i Kyrkja dreg
ved kjende Toneflaum.

Og kvar den Klerk som Møyann' daa
vil prøva gjera Mein
med Kappa og med Krage paa,
han set seg sjølv i Stein.

Kvar Klerk maa or sitt Munkebur
og ned til Folket tra.

Og Tonen millom Fjell og Ur
kvar Klokkar syngja maa.

No høyrrer me fraa Skorvenut
dei Møyar trillar ned,
og ung og gamall, Møy og Gut
dei strøymer fysné til.

Det er so væn og heimsleg Laatt,
det er det gamle Maal.

Dei vekker Harm, dei vekkjer Graat
og gjer so varm di Saal.

Dei ljomar yver Fjell og Hei,
dei vann ein Smaalands-Gut,
han ræddeest ingen Klerke-Eid,
han lokkar Tonen ut.

No vonar me, at ingen Klerk
skal stogga deira Gong,
so sant som Kyrkjehugen sterk
kann skyna deira Song.

No andre Gong dei Folket gled
med fyrste Ottesong.

Til Høgmess'tid dei no seg klæd,
Gud signa deira Gong!

Tekst Løund Telnes